

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:


Troms	Sogn og Fjordane	Aust-Agder
Nordland	Hordaland	Telemark
Nord-Trøndelag	Rogaland	Buskerud
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Oppland
		Hedmark

Leiar: Magnar Lussand,
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
E-post: m-luss@online.no
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 10.11.2005

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.

0030 Oslo



Høyring

Frådrag for grunnrenteskatt og naturressursskatt i grunnlaget for tillegg i alminnelig inntekt ved utdeling frå deltakarlikna selskap

Det vert vist til skriv får Finansdepartementet i høyringsbrev dagsett 26.09.2005, der frist for merknadar er sett til 11. november 2005.

Dei vedtekne endringane i skattelova inneber at deltakarane i eit deltakarlikna selskap blir skattlagde ekstra ved uttak frå selskapet, ved at det vert gjeve eit tillegg til alminnelig inntekt ved utdeling frå slike selskap ("uttaksskatt"). Uttaksskatt svarar systematisk sett til skatt på motteke utbytte for aksjonærane i eit aksjeselskap. Uttaksskatt blir svart av den enkelte deltakaren for det uttak han gjer frå selskapet. Det blir gjeve frådrag for uttak som går med til dekking av overskotsskatt, samt eit frådrag for skjerming.

Høyringssaka gjeld to spørsmål for deltakarar i deltakarlikna selskap:

- Om det skal gjevast frådrag i grunnlag for skatt på uttak for berekna grunnrenteskatt.
- Om det skal gjevast frådrag i grunnlag for skatt på uttak for berekna naturressursskatt.

Dei same grunnar gjer seg gjeldande for frådragsrett for uttak til dekking av grunnrenteskatt som for frådrag til dekning av overskotsskatt. Deltakaren må betale sin del av grunnrenteskatten, og denne må difor kome til frådrag slik departementet føreslår. Kraftfylka har ikkje noko å merke til dette.

I høyringsdokumentet føreslår departementet at naturressursskatten ikkje skal kome til frådrag i grunnlag for uttaksskatt. Grunngevinga er at naturressursskatten blir samordna med overskotsskatten. Deltakaren vil dermed ikkje få noko reell kostnad med naturressursskatten.

Departementet si grunngeving gjeld ikkje for naturressursskatt som overstig overskotsskatt i det enkelte år. Kraftfylka kan ikkje sjå at departementet foreslår ei tilfredsstillande løysing på problemet ved å visa til at skattytar kan framføre slik skatt til frådrag i seinare år (med renter).

Kraftfylka meiner at det ikkje bør betalast skatt av uttak som går med til å dekke naturressursskatt som overstig overskotsskatt. Den naturlege løysinga på den problemstillinga som er reist, er at det kvart år vert gjeve frådrag for samla skatt som skal betalast, anten den består av overskotsskatt, naturressursskatt eller ein kombinasjon av desse.

Grunngevinga for den generelle frådragsregelen er at det ikkje er rimelig at det skal betalast uttaksskatt for uttak som går med til dekking av skatt, jamfør at utbytte som skal utdelast til aksjonærar vil skje frå overskot etter slik skatt. Denne grunngevinga gjer seg like sterkt gjeldande for overskytande naturressursskatt som for annan skatt.


For den skattepliktige som må gjere uttak for å betale skatt, er det ingen relevant forskjell at overskytande naturressursskatt på eit tidspunkt i framtida vil kunne medføre redusert overskotsskatt.

Derimot tilseier grunngevinga for den generelle regelen at slik framføring får verknad ved fastsetjing av grunnlaget for uttaksskatt når og dersom framføringa faktisk blir nytta av skattyter. Det bør såleis leggjast til grunn at det er overskotsskatt redusert for framført naturressursskatt og frådratt rente på overskytande naturressursskatt i mellomliggande år som skal trekkjast frå. Med andre ord er det den samla overskots- og naturressursskatt som faktisk må betalast i det aktuelle året som då bør gje rett til frådrag i grunnlag for uttaksskatt.

Dersom det eit år blir slik redusert overskotsskatt grunna framført naturressursskatt, blir samla frådrag i grunnlaget for overskotsskatt altså tilvarande redusert. Samla effekt for skatteprovenyet blir uendra i eit slikt system, bortsett frå at skattyter slepp å betale skatt i dei tilfella kor det av ymse årsaker ikkje blir muleg å nytte framført frådragsrett i overskots-skatten for betalt naturressursskatt. Kraftfylka kan ikkje sjå anna enn at et slikt resultat er rimeleg. I tillegg blir periodiseringa av frådraget i forhold til den reelle skattebelastninga rettare i eit slikt system.

Kraftfylka går difor i mot departementet sitt forslag, og foreslår at det for kvart år blir gjeve rett til frådrag for den samla overskots- og naturressursskatt som deltakaren faktisk må betale, ved fastsetjing av grunnlag for uttaksskatt til deltakar i deltakarlikna selskap.

Med vennleg helsing



Magnar Lussand

Leiar Samarbeidande kraftfylke